

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 6. februar 2014.

Tilstades: Regionordførar Jon Svartdal, Arne Vinje, Hilde Alice Vågslid, Halvor Homme, Erik Skjervagen, Torstein Tveito, Per Dehli, Brit Houge, Sverre Sæter, Ketil Kiland, Hans Bakke, Ole Dalen og Kjell Gunnar Hegggenes. I tillegg møtte Børge Skårdal frå VTNU.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Sak 19/2014 Referat frå rådsmøte 21. januar 2014.

Vedtak: Referat frå rådsmøte 21. januar 2014 vart samrøystes godkjent.

Sak 20/2014 Utsett sak. Val av representantar til styret for bomselskapet Odda Vegfinans AS. (Gjeld kommunane Seljord, Kviteseid, Tokke og Vinje)

Vedtak: Kommunane Seljord, Kviteseid, Tokke og Vinje nominerer Hilde Alice Vågslid som Vest-Telemarkkommunanes kandidat til styret i Odda Vegfinans AS for perioden 2014 - 2015. Som personleg vararepresentant nominerer ein ordførar Arne Vinje.

Sak 21/2014 Utviklingsplan 2014 - 2016 for Sykehuset Telemark. Forslag til uttale.

I tråd med vedtak i rådsmøte 21. januar 2014 låg det føre forslag til uttale til "Utviklingsplan 2014 - 2016 for Sykehuset Telemark".

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til uttale til Utviklingsplan 2014 - 2016 for Sykehuset Telemark med dei endringsforslag som kom fram på møtet. Dette innber at uttala skal innehalde eit punkt der ein ynskjer desentralisering av DPS med lokalisering i Seljord. Vidare skal uttala uttrykke ynskje om lokalisering av luftambulanse i Øvre Telemark og vise til at den generelle ambulansetenesten må styrkjast.

Korrigert utkast til uttale skal sendast ordførarar og rådmenn for godkjenning. Samrøystes vedtak.

Sak 22/2014 Brann- og redningsvesenets organisering og ressursbruk. Forslag til uttale.

I rådsmøte 21. januar 2014 fekk brannsjef Tore Metveit i Vest-Telemark Brannvesen i oppdrag å lage forslag til uttale til den framlagte rapporten. Forslag til uttale låg som vedlegg til saken.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet vil be Vest-Telemark Brannvesen om å ta ut setningen som gjeld kommunestruktur under avsnittet om tilråding. Med denne endringa sluttar Vest-

Telemarkrådet seg til uttala, og vil melde dette til Justis- og beredskapsdepartementet i eget brev. Samrøystes vedtak.

Sak 23/2014 Revidert fylkesvegplan (ATP). Mogleg felles/samordna høyringsuttale frå Vest-Telemark. Forslag til prosess.

Det låg føre innspel frå Børge Skårdal i Vest-Telemark Næringsutvikling i høve til mogleg felles/samordna uttale i samband med rulleringa av areal- og transportplanen i Telemark. Forslaget inneheld disposisjon i høve til mogleg uttale, prosess, prioritering og aktuelle uttalepunkt.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet ynskjer ei nærare drøfting om saken og utset denne til neste møte.

Sak 24/2014 Ymse.

Mogleg nytt møte med IMDI.

Vedtak: Etter drøftingar i rådmannsutvalet og i kvar enkelt kommune, samt direkte kontakt mellom IMDI og kommunane, har ein kome til at det ikkje er aktuelt med nytt felles møte på noverande tidspunkt.

Kort gjennomgang av Vest-Telemarkkonferansen.

Vest-Telemarkrådet hadde ein kort gjennomgang i høve til markeringa av 20-årsjubiléet.

Mogleg felles transport/overnatting i samband med at kommunane er invitert til møte i Oslo kommune 14. - 15. mai 2014.

Etter ei kort drøfting vart det klårt at det ikkje ligg til rette for felles transport/overnatting denne gongen.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes